

Forskrift om Utladalen landskapsvernområde, Luster og Årdal kommunar, Sogn og Fjordane

Dato	FOR-2014-11-14-1399
Publisert	II 2014 hefte 5
Ikrafttredelse	14.11.2014
Sist endret	
Endrer	FOR-1980-12-05-2
Gjelder for	Luster og Årdal kommunar, Sogn og Fjordane
Hjemmel	LOV-2009-06-19-100-§34 , LOV-2009-06-19-100-§36 , LOV-2009-06-19-100-§62
Kunngjort	18.11.2014 kl. 14.20
Rettet	
Kortittel	Forskrift om Utladalen landskapsvernområde

Heimel: Fastsett ved kgl.res. 14. november 2014 med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, jf. § 36 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1. Formål

Formålet med landskapsvernområdet er å ta vare på eit vilt og vakkert vestlandslandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande, i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark.

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- eit naturområde med eit rikt dyre- og planteliv som pregar dette.
- eit eigenarta, ope og vakkert natur- og kulturlandskap med høgfjell, brear og geologiske avsetningar, der kulturlandskapet med beitebruk, gards- og stølsbygningar og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- naturmangfald som pregar landskapet med naturtypar frå lågland, dalar og skogslier til høgfjell og artar knytte til desse.
- særprega vassdragsnatur og landskapsformer.

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

§ 2. Geografisk avgrensing

Landskapsvernområdet omfattar delar av statsallmenningane Årdal austre (gnr./bnr. 38/1) og Luster austre (gnr./bnr. 215/1) og delar av følgjande gnr./bnr.:

Luster kommune: 8/1, 8/2, 8/3, 8/5, 9/1, 9/4, 9/16, 10/1, 11/1, 11/2, 12/1, 12/2, 12/3, 12/4, 12/5, 12/6, 13/1, 13/3, 13/4, 13/5, 13/20, 13/22, 13/38, 14/1, 14/2, 14/3, 14/5.

Årdal Kommune: 11/1, 12/1, 12/2, 13/1, 13/2, 13/3, 13/4, 13/5, 14/1, 14/2, 14/3, 14/4, 15/6, 16/1, 16/2, 16/3, 16/4, 16/6, 17/1, 17/3, 18/1, 18/2, 19/1, 22/2.

Det samla arealet er på ca. 314 km².

Grensene for landskapsvernområdet går fram av kart i målestokk 1:70 000, datert Klima- og miljødepartementet november 2014. Dei nøyaktige grensene for landskapsvernområdet skal merkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestas.

Verneforskrifta med kart skal oppbevarast i Årdal kommune, Luster kommune, hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3. Vernereglar

I landskapsvernområdet må det ikkje gjerast tiltak som kan endre det verna landskapet sitt særpreg eller karakter vesentleg. Det skal leggjast vekt på den samla verknaden av tiltak i området. I landskapsvernområder er det innafor ramma av vernereglane høve til å utøve landbruk, friluftslivturisme, jakt og fiske, undervisning og forskning.

1. Landskapet

1.1. Inngrep i landskapet

Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sitt særpreg eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta pkt 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, gjerde, anlegg og innretningar, parkering av campingvogner, bubilar, maskinar og liknande, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving, utfylling og lagring av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineralar og fossil, uttak og fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrelegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, riving av bygningar som pregar landskapet sitt særpreg og karakter, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper o.l. Opplistinga er ikkje uttømmande.

1.2 Reglane i pkt. 1.1 er ikkje til hinder for:

- a) Drift av gardsbruka Vetti, Lauvhaugen og Flaten, medrekna den turistnæringa som vert driven der. Driftsendringar som kan ha vesentleg innverknad på landskapet sitt særpreg eller karakter, skal godkjennast av forvaltningsstyresmakta.
- b) Vedlikehald av bygningar, anlegg og innretningar. Vedlikehald omfattar ikkje ombygging eller utviding. Vedlikehald skal skje i samsvar med lokal byggeskikk og tilpassast landskapet.
- c) Vedlikehald av stiar med merking, skilt, bruer og liknande i samsvar med forvaltningsplan.
- d) Kvisting av løyper i samsvar med forvaltningsplan.
- e) Drift og vedlikehald av kulturlandskap i samsvar med godkjend forvaltningsplan og/eller skjøtselsplan.
- f) Vedlikehald av Gravdalsvegen, Koldedalsvegen og Vettisvegen mellom Skori og Vetti.
- g) Drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg og naudsynt istandsetting ved akutt utfall.
- h) Oppgradering/fornyng av kraftanlegg og kraftlinjer for heving av spenningsnivå og aukning av linjetverrsnitt når dette ikkje fører til vesentlege fysiske endringar i høve til verneformålet.
- i) Oppsetjing av saltstein og liknande i samband med beiting.

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

- a) Ombygging og utviding av eksisterande bygningar, anlegg og innretningar.
- b) Oppføring av mindre bygningar og innretningar som er naudsynte for drift av turisthytter i landskapsvernområdet i samsvar med forvaltningsplan.

- c) Gjenoppføring av bygningar, anlegg, steinmurar og innretningar som er gått tapt ved brann eller naturskade.
- d) Bygging av bruer og legging av klopper.
- e) Merking av nye stiar, oppsetting av skilt og vegvisarpilar og kvisting av nye løyper.
- f) Riving av bygningar som pregar landskapet sitt særpreg eller karakter.
- g) Oppføring av nye bygningar, gjerde, anlegg og innretningar som er naudsynpte for jord- og skogbruk.
- h) Uttak av sand til eigen bruk.
- i) Oppføring av bygningar i medhald av fjellovas § 35 i samsvar med forvaltningsplan.
- j) Oppføring av ei hytte på Vettismorki, tilhøyrande Vetti gard, jf. Kongelig resolusjon 05.12.1980.
- k) Istandsetting av seterhus i samsvar med forvaltningsplan.
- l) Uttak av masse for vedlikehald av Vettisvegen.
- m) Oppgradering/fornyng av kraftanlegg og kraftlinjer som ikkje fell inn under pkt. 1.2 h.
- n) Riving av bygningar, anlegg og innretningar og oppføring av nye med same storleik og for same bruk i samsvar med forvaltningsplan.
- o) Naudsynte tiltak i samband med forvaltning av artar.

Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med lokal byggeskikk når det gjeld utforming, fargar og materialbruk, og skal tilpassast landskapet.

2. *Plantelivet*

2.1 Vern av plantelivet

Plantelivet skal vernast mot skade og øydelegging som kan endre landskapet sitt særpreg og karakter vesentleg. Innføring av nye planteartar er forbode. For dyrka mark gjeld forbodet mot innføring av nye planteartar, berre planteartar som gjennom spreing kan redusere verneområdet sin verdi.

2.2 Regelen i pkt. 2.1 er ikkje til hinder for:

- a) Beiting.
- b) Sanking av bær og matsopp.
- c) Bruk av trevirke til bålbrekking.
- d) Plukking av vanlege planter til eigen bruk.

2.3 Hogst av ved

Hogst av ved til eigen bruk og til hytter og setrar i landskapsvernområdet er tillate når dette vert gjort som plukkhogst i samsvar med forvaltningsplan. Urskogprega furuskog og hole tre og stammar som er eigna som buplass for fuglar, må likevel ikkje fellast.

2.4 Forvaltningstyresmakta kan gje løyve til:

- a) Hogst når dette er naudsynt for å ivareta kulturlandskapet i medhald av forvaltningsplan/skjøtselsplan.
- b) Hogst av materialar til vedlikehald av bygningar.

3. *Dyrelivet*

3.1 Vernet er ikkje til hinder for:

a) Jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande regelverk.

3.2 Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

a) Utsetting av fisk frå lokale fiskestammer der dette er gjort tidlegare.

b) Kalking av vatn og elver som er naudsynt for å hindre at ein art døyr ut. I forvaltningsplanen skal det fastsetjast eit referanseområde som ikkje skal kalkast.

4. *Kulturminne*

4.1 Vern av kulturminne

Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Lause kulturminne kan ikkje flyttast eller fjernast. Riving og flytting av bygningar som kan ha kulturell eller historisk verdi krev løyve frå forvaltningsstyresmakta.

4.2 Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.

5. *Ferdsel*

5.1 Generelt om ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

5.2 Ferdsel som kan skade naturmiljøet

Ferdselsformer som ikkje skjer til fots må ha løyve frå forvaltningsstyresmakta dersom ferdselen kan skade naturmiljøet. Nærare retningslinjer blir gjeve i forvaltningsplanen, jf. § 5.

5.3 Sykling og organisert bruk av hest

Sykling og organisert bruk av hest er bare tillatt på veier, eksisterende stier og kjørespor. Det kan i forvaltningsplan fastsettes restriksjoner for slik ferdsel på nærmere angitte strekninger, jf. § 5.

5.4 Regulering av ferdsel

Innafor nærare avgrensa delar av landskapsvernområdet kan Miljødirektoratet ved forskrift regulere eller forby ferdsel som ikkje skjer til fots og som kan skade naturmiljøet.

5.5 Omlegging av stiar

Av omsyn til naturmiljøet og kulturminne kan forvaltningsstyresmakta leggje om eller krevje fjerna merking av stiar og løyper.

5.6 Generelle unntak for ferdsel

Reglane i pkt. 5 gjeld ikkje ferdsel ved gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd samt ved gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver bestemt av forvaltningsstyresmakta.

6. Motorferdsel

6.1 Forbod mot motorferdsel

Motorferdsel er forbode på land og i vatn, medrekna start og landing med luftfartøy, og lågtflyging under 300 m over bakken.

6.2 Forbodet i punkt 6.1 er ikkje til hinder for:

- a) Motorferdsel i samband med militær operativ verksemd, politi-, rednings-, brannvern- og oppsynsverksemd, samt skjøtsels-, og forvaltningsoppgåver bestemt av forvaltningsstyresmakta. Regelen gjeld ikkje øvingskjøring.
- b) Lågtflyging under 300 m over bakken dersom akutte vêrtilhøve gjer det naudsynt av omsyn til tryggleiken.
- c) Forsvaret sin naudsynte lågtflyging i perioden 15. september til 1. juli.
- d) Lågtflyging med fly eller helikopter i samband med geologisk kartlegging i regi av Noregs geologiske undersøkelse.
- e) Motorferdsel på innmark i forbindelse med drift av jordbruksareal.
- f) Bruk av snøscooter i samband med tamreindrift.
- g) Motorferdsel på Vettisvegen i samsvar med «Reglar for Vettisvegen» vedtekne av Årdal kommunestyre 17. november 1977.
- h) Motorferdsel på vegen i Gravdalen i samband med naudsynt henting og ettersyn av beitedyr.
- i) Motorferdsel i Vettisområdet under utøving av landbruksdrift.
- j) Motorferdsel på den delen av vegen inn Koldedalen som ligg mellom dei 2 bruene over Koldedøla.
- k) Motorferdsel for uttransport av sjuke eller skadde bufe i medhald av lov om. dyrevelferd. Kjøretøy som nyttast skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal gis melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av kjøring.

6.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

Bruk av båt med motor, beltekjøretøy på vinterføre, bil på Koldedalsvegen og Vettisvegen eller luftfartøy i samband med;

- a) Øvingskjøring som er nemnd under pkt. 6.2.a).
- b) Husdyrhald.
- c) Vedhogst.
- d) Uttransport av felt elg, hjort og rein.
- e) Fiske.
- f) Transport av varer, brensel, proviant og utstyr inn til turisthytter, hytter og setrar.
- g) Transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, anlegg og innretningar.
- h) Transport av personale for drift av turisthytter, i samsvar med forvaltningsplan.
- i) Skogsdrift som er godkjent i medhald av pkt 2.4.

- j) Utføring av sikringstiltak, t.d. merking og kvisting av løyper.
- k) Naudsynt motorferdsel for tiltak i samband med forvaltning av artar etter pkt. 1.3 o) og 3.2 b).
- l) Motorferdsel på Gravdalsvegen og Vettisvegen i andre høve enn nemnt i pkt. 6.2 g) og h).
- m) Motorferdsel på vinterføre, på vegane i Gravdalen og Koldedalen eller med luftfartøy, i samband med tilsyn og vedlikehald Tyin kraftverk.
- n) Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller luftfartøy for tilsyn med 22 kV høgspennelinje (vest for Tyin).
- o) Motorferdsel i samband med oppgradering/fornyng av kraftanlegg og kraftlinjer.
- p) Bruk av snøskuter i samband med snømålingar.

7. *Ureining*

7.1 Forbod mot ureining

All slags ureining og forsøpling er forbode. All bruk av kjemiske midlar som kan påverke naturmiljøet er forbode.

7.2 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a) Bruk av sand og liknande til snøsmelting.
- b) Kompostering av organisk materiale.

7.3 Støy

Unødvendig støy er forbode. Det er ikkje tillate å bruke motordrivne modellfly, modellbåt, o.l.

§ 4. *Generelle dispensasjonsreglar*

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

§ 5. *Forvaltningsplan*

Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærare retningslinjer for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon mv. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Miljødirektoratet.

§ 6. *Skjøtsel*

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta avgjer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- og kulturtilstanden som er formålet med vernet.

§ 7. *Forvaltningsstyresmakt*

Miljødirektoratet fastset kven som er forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 8. *Rådgivande utval*

Det skal opprettast eit rådgivande utval for forvaltninga av landskapsvernområdet.

§ 9. *Ikrafttreding*

Denne forskrifta trer i kraft straks. Samstundes blir følgjande forskrift oppheva:

- 1980-12-5 nr. 2: Utladalen landskapsvernområde, Årdal og Luster kommunar, Sogn og Fjordane fylke.